




Fossastovo

I dag ser ein berre grunnmuren av Fossastova. Fossastova var ein liten kafé og overnattingsstad som vart sett opp for ein stadig aukande straum av turistar som ville sjå Vøringfossen. Det var eit par karar frå Garatun i Øvre Eidfjord som sette opp stova. Det var ei gamal røykstove som tidlegare hadde stått på garden. Inne i stova var det plass til 5–6 senger. Dei hadde kjøken og spisesal, der det vart servert mat og kaffi til turistane. Det var helst engelske turistar som kom når det var skipsdagar.

 Fossastovo was built to accommodate the growing stream of tourists who wanted to see the Vøringfoss waterfall. Two men from Garatun in Øvre Eidfjord made use of a simple dwelling house from the farm. There were beds for five or six people and they served food and coffee. The building was later moved to Sæbø in Øvre Eidfjord and converted into a general store.

Diverre nytta ikkje turistane seg så ofte av dette tilbodet, Etter ei tid vart Fossastova flytta til Sæbø i Øvre Eidfjord. Fossastovo vart del av den gamle landhandelen.

